

Arkivnr: 2018/49-219

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.09.2018

Klage på fordeling av spelemidler til idrettsanlegg 2018 - Bergen Rideklubb, anleggsnummer 11673**Samandrag**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tildelte spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet for 2018 i møte 18. juni 2018.

Søknad frå Bergen Rideklubb om tilskot til «Sletten ridesenter rubbhall ombygges til stålhall», anleggsnummer 11673, fekk avslag med følgjande grunngeving: Manglar dokumentasjon på all eigenkapital og manglar festeavtale. Eit av kriteria for å få tildelt spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er at all eigenkapital er dokumentert. Difor har ikkje Bergen Rideklubb fått dette punktet godkjend.

Bergen Rideklubb klagar på vedtaket i brev av 30. juli 2018. I høve til manglande dokumentasjon på all eigenkapital skriv dei i sin klage: *«dei ser at det manglar dokumentasjon på eigenkapital på kr 120 000,- Dette vil som kommentert 15.01.2018 bli finansiert over drift eller som et utvidet lån.»*

Dei viser til e-post dei sendte til Bergen kommune 15. januar kl 15.32 med følgjande tekst:

«Stønad gitt fra Bergen kommune i 2017 var ca kr 650.000,-. For å dekke det totale kravet til egenkapital for rideskolehallen, ble det indikert at pga mva vil kravet til egenkapital bli økt med kr. 514.000, dette må finansieres ved hjelp av / eller i kombinasjon:

- *MVA refusjon for mva beløpet*
- *Nye søknad og støttebidrag fra Bergen kommune for 2018 (i samsvar med søknad som ble sendt 1. april 2017 for prosjektet)*
- *Økt lånebeløp fra bank i perioden inntil MVA refusjonen er tilbakebetalt (møte med bank må avtales)*

Klubben vil sannsynligvis kunne stille garantier for dette (møte med institusjoner eller personer må avtales) Håper at dette er god nok informasjon, for at søknaden kan videresendes og at søknaden får et positivt utfall.»

Bergen kommune hadde frist til 15. januar med å sende over alle søknadane om spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet til fylkeskommunen.

Slik fylkesrådmannen vurderer det, er de ikkje god nok dokumentasjon at eigenkapital kan bli finansiert over drift eller som eit utvida lån. Evt må det ligge føre dokumentasjon på godkjend lån.

Til manglande festeavtale skriv Bergen Rideklubb i sin klage: *«Det fremkommer tydelig i vår søknad i vedlegg 1 at BRK har ervervet tomt på 100 mål regulert til ryttersport i 2017. Vi vil også informere om at Bergen Rideklubb i 2017 har ervervet eit tidligere festet tomteområde. Det medfører at BRK eier ca. 100*

mål, som nylig er regulert til ryttersport. Ergo skal ikke festeavtale vedlegges, matrikkelbrev på eiet tomt er offentlig tilgjengelig.»

For å kunne få tildelt spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet må søker ha rett til bruk av grunn der anlegget skal vere. I dette tilfelle gjeld det «*Tinglyst eigedomsrett, som skal dokumenterast med stadfesta utskrift av grunnboka*». Dette er ikkje vedlagt denne søknaden frå Bergen Rideklubb. Fylkesrådmannen beklagar at det ble brukt festeavtale i staden for rett til bruk av grunn i grunngjeving for avslag.

Bergen Rideklubb kan rette opp manglar i søknaden til neste år, og vil då kunne få ein godkjend spelemiddelsøknad til anlegget.

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional gir ikkje medhald i Bergen Rideklubb sin klage, og opprettheld avslag på søknad om spelemidler til «Sletten ridesenter rubbhall ombygges til stålhall», anleggsnummer 11673.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.